

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **10. november 2022** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 12.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.) og Ragnhild Sukka (V)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Dag Fisketjøn (V) og Astrid Brommeland (Sp)
FORFALL:	Per Gudmund Øxtra (Sp) og Henrik Halsne (Ap)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Leiar forvaltningsrevisjon Silje Nygård Forvaltningsrevisor Inger B. Hustvedt på Teams i sak 24
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Karin Dokken Austvik i sak 23 Dagleg leiar Håvard Rosnes frå Rysteg AS i sak 22
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sak 23 blei handsama før sak 22

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 21/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15.09.22

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 15.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.22:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.22:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 15.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 22/22 RYSTEG AS - ORIENTERING OM SELSKAPET

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tek dagleg leiar Håvard Rosnes sin gjennomgangen om Rysteg AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.22:

Dagleg leiar Håvard Rosnes orienterte om selskapet og viste ein presentasjon. Han gjorde greie for drifta i arbeids- og inkluderingsbedrifta, som har avdelingar i Suldal og Sauda. Deira visjon er «Arbeidsglede for alle». Bedrifta har ei omsetning på 17,5 millionar kroner og 12 tilsette. Rosnes svara på spørsmål frå medlemmene. Leiar takk for ein interessant og lærerik orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.22:

Suldal kontrollutval tek dagleg leiar Håvard Rosnes sin gjennomgangen om Rysteg AS til orientering.

SAK 23/22 2. GONG OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «PSYKISK HELSEHJELP»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar kommunedirektøren si orientering om oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.22:

Kommunedirektøren orienterte og viste ein presentasjon. Administrasjonen jobba mykje med førebygging, også i samanheng med ny kommuneplan. Ho opplyste at dei har stort fokus på samhandling og struktur på tverrfaglig arbeid. Kommunen har psykolog i 100 % stilling. Barne- og familiekontoret hadde blitt styrka, som eit av fleire tiltak. Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå kommunedirektøren.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.22:

Suldal kontrollutval tar kommunedirektøren si orientering om oppfølging av rapporten om «Psykisk helsehjelp» til orientering.

SAK 24/22 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «STYRING OG KONTROLL MED INVESTERINGSPROSJEKT»

Sekretariatet si innstilling:

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Styring og kontroll med investeringsprosjekt» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine to tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.22:

Forvaltningsrevisor Inger B. Hustvedt deltok på Teams. Ho gjorde greie for rapporten og viste ein presentasjon. Ho gjorde greie for føremål, problemstillingar og metode. Revisor gjorde vidare greie for hovudfunna i rapporten, kommunedirektøren si uttale og revisjonen sine to tilrådingar.

Utvalet diskuterte rapporten og var særleg opptekne av om det kunne vere uheldig at kommunen hadde rammeavtale med berre eit konsulentfirma.

Utvalet ønskte at kommunedirektøren kom med si tilbakemelding innan ni månader.

Leiar takka revisor for presentasjonen og rapporten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.22 og innstilling til kommunestyret:

1. *Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Styring og kontroll med investeringsprosjekt» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine to tilrådingar.*
3. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 25/22 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll av i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.22:

Utvalet var samd i å velja prosjektet om «Førebygging og tidleg innsats», som var prioritert på tredje plass i plan for forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisor noterte seg innspel frå medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.22:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon om «Førebygging og tidleg innsats» neste møte.

SAK 26/22 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2023

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2023:

torsdag: 23.02, 20.04, 08.06, 07.09 og 16.11 – kl. 10.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.22:

Utvalet slutta seg til framlegget til møteplan utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.22:

Kontrollutvalet i Suldal vedtar følgjande møteplan for 2023:

torsdag: 23.02, 20.04, 08.06, 07.09 og 16.11 – kl. 10.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 27/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.11.22

34. Statusoversyn pr. november 2022
35. KST-vedtak 02.11.22, sak 71/22 – oppfølging av rapport «Kritisk kompetanse» u.vedl.
36. KST-vedtak 02.11.22, sak 72/22 – RSK-fondet – tilbakemelding frå revisor u.vedl.
37. Innkalling til ekstr.ord. generalforsamling 26.10.22 – Haugaland Kraft AS
38. Innkalling til representantskapsmøte 11.11.22 – Haugaland brann og redning IKS
39. Innkalling til representantskapsmøte 09.12.22 – Haugaland Vekst IKS, utan vedlegg
40. Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse 1. – 2. februar – sjå www.nkrf.no
41. «Fjernmøte må være fastsatt i reglementet» - Bernt svarer, Kommunal Rapport 03.10.22

Handsaming i kontrollutvalet 10.11.22:

Leiar gjorde greie for referatsakene, og han refererte kort frå kommunestyremøtet 02.11.22.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.11.22:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 34 – 41 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei tatt opp.

Neste møte: torsdag 23.02.23, kl. 10.00.

Saker: orientering om Gullingen Utviklingsselskap AS, tinging av revisjonsprosjekt om «Førebygging og tidleg innsats» og kontrollutvalet si årsmelding for 2022.

Sand/Aksdal, 10.11.22

Tormod Skeie
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær